

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 19/2024-2

Søknad om godkjenning som opplæringskontor Opplæringskontoret for frisør og velvære i Møre og Romsdal

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gje slik tilråding:

Opplæringskontoret for frisør- og velvære, Notenesgata 1 6002 Ålesund vert godkjent som opplæringskontor i Sogn og Fjordane i frisørfaget, under føresetnad av at lokal kontaktperson vert oppnemnd.

Vedlegg:

1. Søknad frå Opplæringskontoret for frisør- og velvære
Inkl. vedlegg:
Vedtekter, samarbeidsavtale, opplæringsplan, vurderingsskjema for Opplæringskontoret for frisør- og velvære

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Opplæringskontoret for frisør- og velvære, Notenesgata 1 6002 Ålesund, søker i brev av 14.0.2019 om godkjenning som opplæringskontor i frisørfaget. Opplæringskontoret vart oppretta i 2018 og har 14 medlemsbedrifter. Opplæringskontoret har fått fleire førespurnader frå bedrifter i Nordfjord som ønskjer å verta medlemsbedrifter. Innan frisørfaget er det to bransjekontor som er godkjente i Sogn og Fjordane, eit med adresse i Bergen og eit med adresse i Oslo. Dagleg leiar i opplæringskontoret har sveinebrev i frisørfaget.

2. Historikk

I Sogn og Fjordane er det i dag registrert 13 opplæringskontor med adresse i Sogn og Fjordane, og 17 kontor med adresse i andre fylke. Dei fleste av kontora i Sogn og Fjordane er fylkesdekkande bransjekontor innanfor sitt fagområde. Kontora med adresse utanfor fylket er i hovudsak godkjende for fag som ikkje har opplæringskontor i Sogn og Fjordane.

Retningslinjer for godkjenning av opplæringskontor

§ 4 - 3 i opplæringslova omhandlar godkjenning av lærebedrifter. I lovteksten heiter det: "Som lærebedrift kan godkjennast private og offentlege verksemder og organ for samarbeid mellom bedrifter som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar (opplæringskontor eller opplæringsring)" Vidare heiter det i same §: "Lærebedrifta må vera fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta". For at eit opplæringskontor skal bli godkjent må dei enkelte bedriftene som inngår i kontoret vere godkjende av fylkeskommunen. Ei lærebedrift må kunne gje ei opplæring som tilfredsstillar krava i forskrifter etter § 3 - 4 i opplæringslova om innhaldet i opplæringa. Når lærebedrifta er eit opplæringskontor skal dei samarbeidande bedriftene dokumentere at dei samla tilfredsstillar krava i forskriftene etter § 3 - 4.

Opplæringskontora skal ha vedtekter som fastset tilhøvet mellom kontoret og medlemsbedriftene. Vedtektene skal fastsetje kva den enkelte bedrifta skal gje av opplæring, og deling av tilskotet. Ei lærebedrift, her opplæringskontor, skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har ansvaret for opplæringa og at opplæringslova med forskrifter vert oppfylte. Det er lovfesta krav om ein eller fleire instruktørar i kvar enkelt bedrift.

Lokale retningslinjer

Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane vedtok i sak 06/10 lokale retningslinjer for handsaming av søknad om godkjenning av opplæringskontor.

Dei lokale retningslinjene er tufta på opplæringslova, og består av fylgjande 8 punkt:

1. Opplæringskontoret må ha vedtekter som fastset forholdet mellom kontoret og medlemsbedriftene. Desse skal fastsetja kva den enkelte bedrift skal gje av opplæring, og avklara deling av lærlingtilskotet mellom bedriftene. Vedtektene for opplæringskontoret skal ligga ved søknaden (jf . § 4 - 3 i opplæringslova).
2. Det skal gå tydeleg fram kva fag det blir søkt om godkjenning for.
3. Den enkelte medlemsbedrift i Sogn og Fjordane som inngår i opplæringskontor, må vera godkjend av fylkeskommunen.
4. Opplæringskontor som er lokaliserte i andre fylke skal ha lokal kontaktperson når dei søker godkjenning i Sogn og Fjordane.
5. Det er sterkt ynskje om at arbeidstakersida og lærlingane er representerte i styret i opplæringskontoret.
6. Det er ynskje om samarbeid med andre opplæringskontor i fylket.
7. Før godkjenning av nye opplæringskontor heimehøyrande i Sogn og Fjordane skal fagopplæringsnemnda gje fagleg vurdering.
8. Endringar i desse retningslinjene skal leggest fram for fagopplæringsnemnda.

3. Vurderingar

Opplæringskontoret for frisør- og velvære har utarbeidd vedtekter som ligg ved søknaden om godkjenning. Etter fylkesdirektøren si vurdering er desse gjennomarbeidde og utfyllande, og dei tilfredsstillar krava i opplæringsklova.

Når det gjeld krava i dei lokale retningslinjene er dei fleste punkta oppfylte med unntak av følgjande:

- Opplæringskontoret for frisør- og velvære manglar lokal kontaktperson i Sogn og Fjordane, jamfør punkt 4.
- Det er uklart i kva grad opplæringskontoret har lærlingrepresentant i styret, jamfør punkt 5.

4. Konklusjon

Opplæringskontoret for frisør- og velvære, Notenesgata 1 6002 Ålesund vert godkjent som opplæringskontor i Sogn og Fjordane i frisørfaget, under føresetnad av at lokal kontaktperson vert oppnemnd.